

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 23.10.2007
Sakhandsamar: Torleiv Bergland
Saka gjeld: **Godtgjersle til leiar og nestleiar i det regionale brukarutvalet**

Arkivsak 0

2004/594/016

Styresak 096/07 B

Styremøte 08.11. 2007

Bakgrunn:

Det regionale brukarutvalet har sendt førespurnad til Helse Vest der dei ber om ein auke i honorar for leiar og nestleiar av utvalet, vedlegg 1 og 2.

Brukarutvalet ber om at honorara vert justert opp til om lag same nivå som brukarutvala i dei andre regionale helseføretaka.

Kommentarar:

Det regionale brukarutvalet i Helse Vest peikar på at det er ikkje ubetydelege skilnader i godtgjersle mellom dei regionale brukarutvala, vedlegg 3.

Brukarutvalet peiker spesielt på korleis leiar og nestleiar kjem ut i forhold til leiarane og nestleiarane i brukarutvala i dei andre regionale helseføretaka.

Alle medlemmer av det regionale brukarutvalet får i dag kr 1500 per møte. I tillegg vert leiaren av brukarutvalet i Helse Vest honorert med 6000 kroner per år. I Helse Nord får leiaren 10 000 kroner og i Helse Midt er satsen 20 000 kroner. Leiaren av brukarutvalet i Helse Sør-Aust vert honorert med 295 kroner per time, i inntil fire timer, i samband med førebuing til møte i det regionale brukarutvalet. Det vert gjennomført gjennomsnittleg 10 ordinære møter i det regionale brukarutvalet i Helse Sør-Aust i året.

Nestleiareren i brukarutvalet i Helse Vest mottar per i dag ikkje noko godtgjersle ut over honoraret som alle utvalsmedlemmer får per utvalsmøte (1500 kroner). Nestleiareren i Helse Nord mottar 4000 kroner og nestleiareren i Helse Midt mottar 15 000 kroner. I samband med førebuing til møte i brukarutvalet, vert nestleiareren i Helse Sør-Aust honorert med 295 kroner per time, i inntil 3 timer.

Det regionale brukarutvalet i Helse Vest viser i førespurnaden til at leiar og nestleiar bruker mykje tid og ressursar til førebuing av utvalsmøte og etterarbeid. Det inneber også utgifter til telefon, papir, toner osv.

Utvalsmedlemmene, og då spesielt leiaren, er også trekt med i ei rekkje oppdrag utanom dei ordinære brukarutvalsmøta (Helse 2020, Prosjekt om innføring av felles EPJ, Møte i samband med oppdragsdokumentet 2008, Kvalitetsprosjektet osv.). Dette er ubetalt arbeid.

I samråd med styreleiar vert det føreslått følgjande godtgjersle for 2008:

Forslag til vedtak:

Leiar av det regionale brukarutvalet vert godtgjort med 30 000 kroner i godtgjersle per år.

Nestleiar i det regionale brukarutvalet vert godtgjort med 15 000 kroner i godtgjersle per år.

I tillegg mottar leiar og nestleiar kr 1500 i godtgjersle per møte på lik line med alle medlemmene i det regionale brukarutvalet.

Vedlegg:

Vedlegg 1: Brev frå det regionale brukarutvalet til Helse Vest, dagsett 1. juli 2007

Vedlegg 2: Brev frå det regionale brukarutvalet til Helse Vest, mottatt 19. oktober 2007

Vedlegg 3: Oversikt over godtgjering til de regionale brukarutvala 2007